

Nedanfor følger eit oversyn over høyringsmerknadene til kommunedelplanen. Uttalene frå offentlege instansar er plassert først, deretter kjem uttaler frå organisasjonar, lag og privatpersonar. Innanfor dei ulike kategoriane er rekkefølgen tilfeldig. Merknadene er å finne i sin heilskap i grunnlagsmaterialet. Her har vi gjeve korte samandrag av dei, og likeins gjeve rådmannen si vurdering

Avsendar	Samandrag av innspelet	Rådmannen si vurdering/ tilråding
Noregs vassdrags- og energidirektorat 31.1.13	Ingen merknad	Teken til orientering.
Fiskeridirektoratet, 28.01.13	Det er registrert gyteområde i sjøområda Kolltveitosen og Straumsosen. Kysttorsk er blitt meir sjeldan i Sør-Noreg, og det er viktig at kjende gyte- og oppvekstområde ikkje kjem i konflikt med skadeleg arealbruk. FD ber om at gyteområda vert teke med i planen i samsvar med kommunen sin arealplan.	Gyteområde vert teke inn i plan i samsvar Fiskeridirektoret sine ønske.
Kystverket, 18.2.13	Kystverket ber om at. søknadsplikta etter hamne- og farvasslova må gå fram av planføresegnene.  Dei peikar på at det er viktig å ikkje sette av større areal i sjø til enkeltfremål, eller planlegge tiltak som kan hindre ferdsla i sjø.	Søknadsplikta går fram av Hamnelova, og det er difor ikkje naudsynt eller tenleg å ta dette inn i føresegna. Dette prinsippet vil rådmannen også følgje i høve andre liknande innspel.  Rådmannen tek omsyn innspelet om areal og tiltak i sjø i planarbeidet
Statens vegvesen 16.01.2013	Vegvesenet peikar på at interne vegar (nord- sør)gjennom planområdet ikkje skal gjevast status som hovudveg etter deira definisjon, men heller som ein lokal hovudveg.  Dei viser til kor viktig lokalvegssystemet mellom Bildøy og Straume vil vere for utbygginga av Bildøyna, m.a kva gjeld traseval for interne vegar og møtepunkt med hovudvegane, omsynet til mjuke trafikantar osb, og ønskjer at planlegginga skjer i nært samarbeid med SVV og også Hordaland fylkeskommune.	Vegen er meint å vere ein lokal samleveg , jf. teiknforklaring i plankartet.  Slikt plansamarbeid er etablert.
Fylkesmannen i Hordaland 08.02.2013 og 27.06.2013.	Fylkesmannen har forståing for at ein vekstkommune som Fjell treng å sikre areal til bustader, tenesteyting og småskala næringsverksemd, og peikar på at slike vurderingar prinsipielt bør gjennomførast i kommuneplanen, t.d gjennom arealrekneskap.  Viktig at planlegginga er i samsvar med statleg areal og miljøvernpolitikk, jf. rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging.  Viktig å sette grenser for storleiken på talet parkeringsplasser for dei ulike arealføremåla. Uheldig å fastsette parkeringsdekninga på reguleringsplannivå i staden for i kommunedelplanen. Føresegna må såleis endrast på dette punkt.  Overordna kvalitetsprogram gjev for lite klåre rammer for utviklinga, m.a byggehøyde og utnyttingsgrad. Grad av utnytting må differensierast m.o.t planformål og lokalisering  Fylkesmannen vil at utbyggingsrekkefølgen skal gå fram kommunedelplanen, og ikkje "vente" til neste fase i planarbeidet, -områdereguleringa. Ein må og sikra at sentrale delar av Straume vert bygd ut i samsvar med godkjende planar før bygginga på Bildøy tek til. FM har motsegn til planframlegget kva gjeld dette.  Fylkesmannen ønskjer tydelegare rammer for etablering av forretning på Nordre Bildøy, og ser dette i samanheng med utviklinga av kapasitet og tilbod i Straume sentrum..  F.m saknar nærare differensiering av strandsona i kartet ift kor det kan byggast og ikkje for å sikre	Det er godt samsvar mellom Fjell kommune sitt arbeid med kommuneplanen sin arealdel, og arbeidet med kommunedelplan for Nordre Bildøy.  Retningslinene har vore eit heilt sentralt grunnlag i planlegginga.  Dette er følgt opp i samråd med Fylkesmannen, -jf nytt framlegg til planføresegner.  Kvalitetsprogrammet er vesentleg utvikla og utvida slik det no ligg føre.  Det er gjort endringar i føresegnene og i Overordna kvalitetsprogram som er meir tydelege på i kva rekkefølge utbygginga vil skje. På dette grunnlaget har Fylkesmannen trekt motsegna.

	<p>strandsoneverdiene..</p> <p>Saknar ei nærare grunngeving for arrondering av føremåla ferdsel og småbåthamn, då desse venteleg vil kunne redusere tilkomst til strandsone for ålmenta.</p>	<p>Rådmannen har teke omsyn til dette i nytt kvalitetsprogram og nye føresegner.</p> <p>I samråd med fylkesm. vil dette verte eige tema i den vidare planlegginga.</p> <p>Avklart i samråd med fylkesmannen.</p>
Hordaland Fylkeskommune v/ Kultur- og ressursutvalet. 11.03.13	<p>Hfk meiner planen er framtidsretta og tek viktige grep i høve veksten i Bergensområdet.</p> <p>Uttalen fokuserar primært på kulturminne, og ein gjev <b>motsegn</b> med vilkår om at dei fråfell denne om 3 punkt (a/b/c) i uttalen vert teken inn i føresegnene.</p>	<p>Rådmannen har endra føresegnene i samsvar med Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak, og i tråd med forståing etablert i møte med Fylkeskonservatoren og utbyggjar 29.05.13.</p>
Bergen og omland havnevesen, 19.12.12	<p>Planen er ikkje i konflikt med dei interessar BOH er satt til å ivareta på dette plannivået. Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø mv krev løyve frå BOH . Det er ikkje nok at tiltaket er vist i planen, men søknad må sendast. Ei orientering om dette bør innarbeidast i føresegnene.</p>	<p>Søknadsplikta går fram av Lov om havner og farvann, og det er difor ikkje naudsynt eller tenleg å ta dette inn i føresegna til denne planen</p>
Bergen og omland friluftsråd, 01.02.13	<p>BOF meiner at planen er eit svært godt utgangspunkt for heilskapeleg planlegging av varierte friluftsområde. Minner om at store område må vere universelt utforma, med omsyn til topografien. Innspelet er også inne på tema som vidare prosess m.o.t grunnovertaking, deltaking og reglar for finansiering av dette m.v. , og inviterer kommunen til å nytte BOF sin kompetanse i den samanheng.</p>	<p>Rådmannen tek Bergen og omland friluftsråd sine positive og aktive innspel til etterretning.</p>
Bergen sjøfartsmuseum, 03.01.13	<p>Minner om at undersøkingsplikta/ reglar for varsling som ligg i kulturminnelova. Likeins at det er fleire viktige kulturminne, også av marin karakter, i planområdet. Dei ønskjer at tiltak blir førelagd museet på regulerings eller byggeplannivå, og oppmodar Fjell kommune om å ha klausul om dette i føresegnene. Kommunen vert også oppmoda om å ta inn i føresegnene at alle planlagde enkelttiltak i sjø vert lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale.</p>	<p>Alle nye byggeområde i planområdet inneheld plankrav, og høyringsinstansar vil få høve til å grundig vurdere dei einskilde tiltaka. Føresegna er endra på dette punktet i samråd med fylkeskommunen, og teken inn i føresegna § 1.8.</p>
BKK Nett AS, 07.02.13:	<p>Signaliserar behov å forsterke 22 kV nettet i området for kunne forsyne nye utbyggingsområde. Dei viser også til at utbyggjarar og planmynde bør finne gjennomgående trasé for kabelanlegg fra Straume, gjennom heile planområdet til Bildøybakken.</p>	<p>Rådmannen er i dialog med BKK kring desse problemstillingane. Her deltar også repr. for utbyggjarane på Nordre Bildøy og for Straumsundet</p>
FjellVAR, 05.03.13:	<p>FjellVAR viser til Kommunedelplan for vatn og avlaup, og behovet for å koordinera Kommunedelplan for Nordre Bildøyna med denne. Dette gjeld t.d arealt til VA-anlegg, renovasjonsløyvingar, kapasitet i høve vatnforsyning og avlaup m.v. Dei ønsker i den samanheng ein tidsplan for utbygginga.</p>	<p>Rådmannen har implementert VA-planen i sitt arbeid med Bildøyna-planen der dette har vore relevant. I samråd med FjellVAR vil ein også rå til at det vert igangsett ein samla plan for teknisk infrastruktur som del av det vidare planarbeidet med Bildøyna-planen. Ein tidsplan kan vere ein naturleg del av dette.</p>
Fjell / Ungdommens kommunestyre, 31.01.13:	<p>UKS syns at planskildringa for KDP på Bildøy ser spennande ut og utviklar området positivt. Håpar det blir lagt til rette for barn og ungdom i planprosessen, og at ein ser på høve til å setje av areal til høgskule/ universitet på Bildøy.</p>	<p>Barn og unge er og vil vere eit viktig fokus i det vidare planarbeidet, -også m.o.t medvirkning i den vidare planprosessen. Der vil ein også ta med seg perspektiva som ligg i UKS sin uttale.</p>

Fjell eldreråd, 17.01.13:	Eldrerådet meiner at planen legg opp til særst tett befolkning og for stor utbygging på Bildøyna, og viser i den samanheng m.a til at området allereie i dag har vanskar med vatn, avlaup, trafikksituasjon mm.	Rådmannen tek eldrerådet sine synspunkt til etterretning. Når det gjeld teknisk infrastruktur vil ein m.a vise til vurderinga av innspelet til FjellVAR.
Fjell Venstre v/ Per Svein Dufva: 08.02.2013	<u>Fjell Venstre v/ Dufva</u> ønsker primært at N. Bildøyna ikkje vert utbygd, og at ein evt berre får skånsom tilrettelegging av turstiar, bade- og båtplassar. N. Bildøyna vil dekke trong for bading/ båtliv, og det er difor naudsynt å ta vare på N. Bildøyna, Grøne lunger er særst viktig, og by er ikkje del av kystkulturen på Sotra.  Om ein likevel skal gjennomføre ei utbygging, så er det viktig at ein ikkje byrjar arbeidet før infrastruktur som VA, veg, skule og barnehage er avklart. Kommunikasjonane i kystbyen må i størst mogleg grad skje kollektivt.	Planen opnar for tilrettelegging av turstiar, bade- og båtplasser for ålmenta, og grøne lunger blir ein viktig del av kystbyen. Eksisterande landskapskvalitetar og tilgang til sjø vil bli oppretthalden, slik at ein søker å best mogleg ta vare på kystkulturen .  Rekkefølgekrav vil sikre at tenleg og naudsynt infrastruktur vert sikra til rett tid. Kommunikasjonane vil i størst mogleg grad skje kollektivt.
Fiskarlaget Vest, 07.02.13:	Sluttar seg til uttale av 28.1.13 frå Fiskeridir. Region vest.	Teken til orientering.
Bergen kommune, byrådet, 12.02.13:	Legger til grunn oppstart av arbeid med nytt Sotrasamband om noen år, eit mer effektivt transportsystem, og ein sterk auke i kollektivandelen mellom Bergen og Fjell. Dei peikar på at kapasitet på veg og luftkvalitet sentralt i Bergen vil ikke tåle belastninger ut over dagens trafikkmengde. Bergen kommune tykkjer det er positivt med konsentrert bustadbygging sentralt i kommunen, og at nye bustader vert bygd nær planlagt kollektivakse / nytt Sotrasamband. Planen støtter opp under målene for økt kollektivtransport i regionen på ein god måte.	Rådmannen er samd i at bygging av nytt Sotrasamband er ein heilt sentral premis for kommunedelplanen. Den baserer seg på at flest mogleg av reisene tas kollektivt, til fots eller med sykkel.
Innbyggjarinitiativet Bevar Straume, 08.02.2013	Innspelet fokuserar primært på problemstillingar knytt til framtidig trafikksituasjon /biltrafikk mellom Bildøyna og senterområdet på Straume. Ein viser til ulike tal for framtidig trafikkbeltastning i Straumeområdet i samband med planlegging/ realisering av nytt Sotrasamband og sekundærveggar mellom Rv 555 og Sotra Kystby, og peikar på konsekvensane av dette. Ber om at vidare planarbeid i høve Nordre Bildøyna vert utsett til traseval for sekundærvegnettet er avklart. Innbyggjarinitiativet oppmodar også politikarane i Fjell til å realisera kryss på nye R555 på Straume med direkte avkjørsel til senterområdet, og har utarbeidd skisser for gode framtidige løysingar.	Planarbeidet for å gjere trafikktilhøva i det aktuelle området best mogleg er igangsatt i regi av Statens Vegvesen. Fjell kommune vil delta aktivt i dette arbeide, både som ein del av planlegginga av Sotrasambandet, og som ein del av det vidare planarbeidet med Nordre Bildøyna/ Sotra Kystby. I den samanheng vil ein også ha ein dialog med Innbyggjarinitiativet og andre lokale interesser og uttalepartar.
Søre Bildøy Vel v/ Anne Lucie Voltersvik, 08.02.2013	Søre Bildøy Vel meiner plantilnærminga med å sjå heile området under ett er god, mellom anna fordi bustadområdet på Søre Bildøy vil verte sterkt påverka av ei utbygging i nord. Dei har også fokus på dei vanskelege trafikktilhøva i dag, og ber om samarbeid med Fjell kommune for å hindre gjennomgangstrafikken på Bildøy gard før nytt Sotrasamband er ferdig. Utbygging av Sjøfronten, Kolltveit og Nordre Bildøy vil venteleg forsterke trafikken over Bildøy gard, og dette må ein unngå eller redusere skadeverknadene av. Vegen over Bildøy må rustast opp.	Rådmannen (og Statens Vegvesen) er merksame på trafikktilhøva på den sørlege delen av Bildøy. Dette vil ein også ha fokus på i det vidare planarbeidet, både når det gjeld Sotrasambandet og kommunedelplanen for Nordre Bildøyna.
Bildøy Hyttelag v/ <u>leiar</u> Erik Brekke, xx.yy.13	Hyttelaget gjev ein relativt detaljert omtale av hytteområdet, <u>SE2</u> i planen. Nemner fleire problemstillingar knytt til m.a kloakksituasjonen, felles p-plassar, vegtilkomst, dagens brønnsituasjon m.v.  Dei meiner at ein evt <u>bygg</u> start i nord kan bety lang utbyggingsperiode med negative konsekvenser for hytte-	Rådmannen merkar seg innspela frå hyttelaget i høve det vidare planarbeidet. Ein har m.a laga eit eige vedtakspunkt i høve ein samordna plan for teknisk

	<p>/fritidseigedomane. Ser også behovet for ein heilskapleg plan som også inneheld teknisk infrastruktur (strøm/ off.veg/ VA).</p> <p>Det er i dag LNF-område med begrens_a høve til vidare utvikling. Ber om det heller vert endra til gult område (utbygging bustader).eller blanding av sentrumsformål og mulighet for flere muligheter i enkelte områder.</p> <p>Redd for «vegg» av boligblokker 15 -25 m over eksisterende topografi i SE1, med tap av sol og utsikt for hytteeiendommene. Vil sjå nærarre på dette i områdeplan.</p> <p>Meiner at rekkefølgekrava er gode og logiske.</p> <p>Ulike synspunkt på Råna, m.a kva ei gangbru vil føre med seg av trafikkauke, kva den vil bety for båttrafikken i sundet mellom Bildøy og Råna.</p> <p>Hatt god dialog med utbyggjar siden 2006, viktig at dette held fram, og at Fjell kommune bidrar best mulig her.</p>	<p>infrastruktur.</p> <p>Endring til sentrumsføremål opnar for bustadføremål med tilhøyrande grøntareal, i tillegg til forretning, kontor, overnatting og bevertning. Einebustader vil truleg ikkje vere aktuelt i dette området, med ei minste utnytting på 150%.</p> <p>Det vidare arbeidet med regulering av delområda vil m.a fokusera i meir detalj på grad av utnytting, volum, byggehøyder, innvirkning på naboeiendommer mv. Rådmannen vil vere merksam på hyttelaget sine merknader i høve dette arbeidet, og laget vil sjølvsagt også få høve til å uttale seg i den samanheng.</p> <p>Rådmannen er positiv til at det har vore god dialog mellom utbyggjar og hyttelaget over lengre tid. Også rådmannen har gode røynsler frå kontakten med hyttelaget, og vil arbeida for at dette held fram i det vidare arbeidet.</p>
<p>Hilde N. Sveaass og Erik Sveaass, Ytre Morvik 6, 5124 Morvik, 09.02.2013</p>	<p>Likelydande merknad som Bildøy Hyttelag</p>	<p>Kommentert over</p>
<p>Randi U. Larsen, Nordeidstølen 11, 5251 Søreidgrend, 02.02.2013</p>	<p>Likelydande merknad som Bildøy Hyttelag</p>	<p>Kommentert over</p>
<p>Solveig Sandalsnes, Pb. 76, Kristiansborg, 5822 Bergen 04.02.13</p>	<p>Likelydande merknad som Bildøy Hyttelag.</p> <p>Ønskjer å oppgradere eigen hytt til dagens hyttestandard og om mogleg til helårsbustad. Peikar på at det er viktig med skjerming av hytteeiendommene ift støy og uønsket innsikt/ tilgjengelige for fastboende.</p>	<p>Ei endring til sentrumsføremål åpner for bustad, men neppe einebustader i området, grunna den relativt høge utnyttinga. Skjerming og støyproblematikk er viktige innspel, som vert med i det vidare reguleringsarbeidet.</p>
<p>Eli og Johan Lyngvær, Kistebakkane 48, 5137 Mjølkeråen 07.02.2013</p>	<p>I hovedsak samd med hyttelaget. men er i større grad oppteken av å behalde mykje av dagens strandsone og få dempa front mot sjøen. Vil ha mindre bustadbygg som vert meir i samsvar med byggeskikk i Straume – Foldnesområdet. Kommenterar også føresegn pkt 3.4.5 om at hver reguleringsplan skal være på minst 10 daa, og peikar på at det er viktig at det ikke blir liggende enkelteieendommer mellom 2 eller flere reguleringsplaner som ikke kan reguleres.</p>	<p>Innspelet om strandsona vil verte vurdert i samband med områdereguleringa av SE2. Storleiken på reguleringsplanane er ikkje lengre relevant, då området SE2 etter endring i planen skal områdereregulerast .</p>
<p>Geir Ove og May Britt Øybost,</p>	<p>Likelydande brev som fra Eli og Johan Lyngvær</p>	<p>Kommentert over</p>

Hamrehaugen 38 M, 5161 Laksevåg, 07.02.13:		
Bjarte Eide, 5259 Hjellestad, 01.01.2013:	<p>Peikar på at sjøområdet på austsida av Bildøy er eit viktig friluftsområde for Foldnes/ Straume mv. Meiner at evt endring frå hytteområde til sentrumsformål vil vere uheldig på mange måtar..</p> <p>Meiner at den planlagte utbygginga er alt for omfattande, og at det knapt vert lys og luft mellom bygga. Ein bør sette klare føringar i planen som sikrar buffer mellom områda med tilplanting, støyskjerming mv. Ein må setja av område til nærturar på Nore Bildøy, og skjerma Råna for inngrep.</p>	<p>Rådmannen er merksam på kor viktig sjøområdet aust for Nordre Bildøyna er, men kan ikkje sjå at kommunedelplanen vil truge dette .Den planlagte utbygginga vil,etter rådmannen sitt syn, ikkje ha slike konsekvensar som Eide peikar på. Ein vil tvert imot sikra gode bumiljø og gode kvalitetar for dei som vil arbeida og/ eller bu i området.</p> <p>Det vil verte sikra gode høve for nærturar, jf. overordna kvalitetsprogram og føresegner. Det er også meininga å gjere Råna til eit attraktiv friluftsområde for innbyggjarane, med så få inngrep i naturen som mogleg.</p>
Erik Nyborg, 24.01.13:	<p>Ser helt klart føremålet med å kunne ha djupvasskai i ein framtidig kystby, men hytteeigarane bør ikkje belastas med industriaktivitet i ein ti-årsperiode før egentlig byggjing startar.</p> <p>Ber om at det ikkje tillates næring/ industri på Bildøy før oppstart av bygging av den nye kystbyen.</p>	<p>Syner til svar til merknad frå Bildøy hyttelag angående støy i anleggsperioden. Rådmannen gjer vidare merksam på at kommunedelplanen ikkje opnar for industri.</p>
Espen og Fredrik Villanger, Tytebærbrekko 89, 5353 Straume, 08.02.13:	<p>Føreslår at plangrensa vert endra, slik at planen også gjeld heile strandlina i Tytebærbrekko med føremål bruk og vern av sjø, VBV2. Viser til konkret enkeltsak i Kpu med endeleg vedtak av Fylkesmannen 14.6.11.</p> <p>Meiner at forslaget vil føre til likere behandling av grunneierne da VBV2 tillater bygging av brygge (§ 7.1.2 i føresegnene).</p>	<p>Å endre plangrensa er ikkje mogleg utan å gå tilbake til start av heile planprosessen til kommunedelplanen.. Dette vil vere ein sær tungvint måte å endra føremålet for strandlina i Tytebærbrekka. Men Villanger eller andre har høve til å fremje ein eigen plan for det aktuelle området om ein finn det tenleg. Då kan ein også få drøfta problemstillingar som ein meiner ligg i det nemnte vedtaket gjort av Fylkesmannen 14.06.11</p>
Grethe Harkestad, 5342 Straume 09.02.13:	<p>Spør kor buffersona mellom byggefeltet og eigedomane skal gå, og korleis soltilhøva i hyttefeltet vil vere når det kjem hus på 3-5 høgder i nærleiken. Ønskjer minst mogleg innsyn derfrå, og å behalde båtplass og flytebrygge ved gamle Straume bru.</p> <p>Ønskjer framleis parkering ved rv. 555 for å benytte gangsti til eigedommane</p>	<p>Soltilhøve og skjerming av eigedommar vert eit viktig tema i vidare regulering av områda. Rådmannen merkar seg også problematikken m/ båtplass og flytebrygge.</p> <p>Det med parkering og gangstiar gjeld mange eigedomar, og vil også vere tema i reguleringa av nytt Sotrasamband som allereie er i gang.</p>

<p>Helge Bildøy og Bjørn Arvid Straume, 7.2.13:</p>	<p>Ber om at arbeid på kystby ikkje kjem i gang før nytt Sotrasamband er ferdig og lokalt vegsystem er på plass.</p> <p>Dei gjer merksam på at det rike fisket i Kolltveitosen kan verte påverke av utbygginga. Må framsette risikovurdering knytt til havbruk.</p> <p>Dei går i mot utbygginga om kostnadene med urbygging av vatn og avlaup skal fordelast på kommunens innbyggjarar.</p> <p>Meiner at ei grense på 10 boliger på «Gamle Bildøy» er urimeleg, då Sartor Maskin As har godkjend plan på 16 bustadeiningar på gnr/ bnr 34/21.</p> <p>Krev at kommunal veg/ «gamleveg» som er dagens skuleveg, blir oppgradert før ei evt. utbygging. Likeins at tilhøva for turgåarar i bustadområdet Bildøygarden vert sikra. Dei peikar også på framkome for renovasjon/ brann i same området, parkering og toalettlysingar i Vollvikja, og tilknytning mellom ny hovudveg (Sotrasambandet) og lokalvegssystemet. Viktig med samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane for å hindre uheldige løysingar.</p>	<p>Planlegging av nytt Sotrasamband og tilhøyrande vegsystem vil starte før og gå parallelt med planlegginga av kystbyen, heilt i samsvar med deira innspel. Når det gjeld Kolltveitosen, viser rådmannen til merknaden frå Fiskeridirektoratet som også er oppteken av å sikra området.</p> <p>I tråd med allmenne prinsipp og praksis, vil v&amp;a-kostnadene verte dekkja gjennom kommunale avgifter, -jfr Fjell kommune sin v&amp;a-plan.</p> <p>Det vil framleis verte høve til å fremje private reguleringsplanar i planområdet. KDP opnar for bygging av to bustadeiningar uten reguleringsplan.</p> <p>Rådmannen merkar seg også dei andre synspunkta, og vil ha dei i minne når ein går i gang med vidare planlegging.</p>
<p>Nokre grunn- og parselleigarar på Bildøy gard repr. v/ Anker Arefjord, 5353 Straume, 04.02.2013:</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ber om at Råna ifm planarbeidet ikke videreføres.</li> <li>- Arbeid på kystbyområdet må ikkje igangsettes før Sotrasambandet er avklart.</li> <li>- Ikkje fremsatt risikovurdering knytt til havbruk, og det er viktige gyteplasser i planområdet.</li> <li>-Vatn- og avlaupsløysingar må være sjølvfinansierende i prosjektet.</li> <li>- Ved befolkningsvekst må badevika «Vollvikja» rustes opp for allmenn bruk.</li> <li>- Ulike alt. ift lokalveier krever tett dialog med «Bildøymannen» for gode løysingar.</li> <li>- Bildøyvegen er belasta, risikovurdering og utføring av tiltak må ivareta, likeins rekkefølgekrav til g/s-vei etc må ivareta.</li> <li>- I tilkn til ny veitrasé i nord må gamle Bildøygarden tilknyttas.</li> <li>- Viltnering er ikke ivareta i konsekvensutredningen.</li> </ul> <p>- Ønsker å delta direkte i planarbeidet.</p>	<p>Råna er avsett til friområde. Eventuell bru mellom Nordre Bildøy og Råna vil krevje eigen reguleringsplan der grunneigarane får høve til deltaking, jfr reglane i plan og bygningslova.</p> <p>Rådmannen noterer at dei aller fleste momenta i dette innspelet også er fremja i andre innspel, og vil difor vise til kommentarane ovanfor.</p> <p>Når det gjeld viltneringa, vil rådmannen vise til av KU for biologisk mangfold er utført av Rådgivende Biologer AS, m.a. på bakgrunn av Fjell kommune si viltkartlegging.</p> <p>Rådmannen merkar seg også ønsket frå mange av dei som har gjeve innspel om delta aktivt i det komande planarbeidet, og er positiv til ein best mogleg kontakt i den samanheng.</p>

<p>Astrid og Jan-Steinar Erichsen , 5172 Loddefjord, 07.02.2013:</p>	<p>Oppteken at ein har fokus på hytteeigarane sine behov for gode parkeringstilhøve og god tilkomst til hyttene i den komande planlegginga.</p> <p>Dei er også negative/ spørjande til å endra hytteområdet SE2 fra LNF til sentrumsføremål, og føresler bustadføremål e.a.</p> <p>Stør også Bildøy Hyttelag sine synspunkt og håper det blir teken omsyn til i det vidare.</p>	<p>Parkering og tilkomst for hyttene vil vere tema i detaljplanlegginga av nytt Sotrasamband og Nordre Bildøy.</p> <p>Sentrumsføremål i denne samanheng opnar også for bustader, men ikkje einebustader.</p>
<p>Kari Sundvor, Høgestølen 9, 5353 Straume, 7.2.13</p>	<p>Sundvor er oppteken av framtidig trafikkmengde i området, og betydninga for miljøet i Straumeområdet. Tilrår at ein ikkje går for traséalternativ 2 mellom Bildøy og Straume, -jf Kommunedelplan for nytt Sotrasamband.</p> <p>Ho har også fleire synspunkt / framlegg som primært viser til planlegginga av nytt Sotrasamband, men ser dei også i samanheng med planlegginga av vegsystemet Bildøy-Straume.</p> <p>Ønskjer også at Bildøyvegen vert oppretthalden som skuleveg/ gang&amp;sykkel, og at gamlebrua over Straumssundet vert kulturminne.</p>	<p>Rådmannen tek synspunkta om trase for ny sekundærveg/ lokalveg med i vidare planarbeid for Sotrasambandet og Bildøyplanen. Dette gjeld også for dei andre synspunkta/ vurderingane til Sundvor.</p> <p>Rådmannen gjer for ordens skuld merksam på at det vil vere rikelig høve for Sundvor og alle andre som har gjeve innspel i denne samanheng, om å vere aktive også i det vidare planarbeidet.</p>
<p>Knut Arne Johannessen: 17.02.2013</p>	<p>Er oppteken av at ein må unngå å bygge for tett opp mot hytteområdet. Meiner også at minstekrav på 10 daa for regulering av Se2 er lite tenleg.</p> <p>Johannessen foreslår også at det vert lagt til rette for utbygging i sjø også på austsida av Bildøyna, jf. Straume Sjøfront.</p>	<p>Rådmannen vil legge vekt på slike omsyn i områdereguleringa. At ein no også vil lage eigen områdeplan for hytteområdet gjer at dette minstekravet må verte vurdert på nytt. Det kan då også evt.verte aktuelt å vurdere utbyggingstiltak på austsida av Bildøyna.</p>
<p>Sverre Hopen, Lillehatten 292, 5148 Fyllingsdalen, 9.2.13:</p>	<p>Er som mange andre oppteken av soltilhøve, støy, avstander til nye bebyggelse. Likeins framtidig tilkomst, parkeringstilhøve m.v.. Ber Fjell kommune ta hensyn til hytteeigarane sin råderett over egen eiendom. Ønsker å beholde området til fritidsføremål, evt. utvikling til einebustader.</p>	<p>Rådmannen viser til svara ein har gjeve andre som har vore oppteken av dei same problemstillingane.</p>
<p>Tor- S. Johannessen m. fl., 7.2.2013:</p>	<p>Johannessen stør hyttelaget sine merknader fullt ut. Han ønsker at SE2 vert tilbakeført til hytteområde/ fritidsområde, subsidiært at ein får høve til oppgradering/ bygging av einebustader.</p> <p>Peikar på at Straumsholmane er mykje brukt til rekreasjon og bading, det er hekkeområde for sjøfugl, og har ein sjelden rik maritim fauna. Tilrår at det ikkje vert vurdert å legge sekundærveg mellom Nordre Bildøy og Straume over dei.</p> <p>Ønskjer at bandlegging av eigedomar opphører når meir nøyaktig trase for Rv555 (Sotrasambandet) er fastlagt.</p> <p>Ønsker at veg og parkering for hytteeigarane vert sikra. Han ønskjer også høve for tilnytning offentleg vatn og avlaup, og at han kan nytte noverande båtplass, flytebrygge og p.plass også i framtida.</p>	<p>Ei slik tilbakeføring vil innebere ei endring av eit av hovudføremåla i planen, og vil evt vere ei politisk avgjerd på kommunestyrenivå.</p> <p>Rådmannen tar innspelet om Straumsholmane med seg i det vidare planarbeidet vedk nytt Sotrasamband.</p> <p>Bandlegging av områda er førebels og vil opphøre når ny trasé for Rv555 er endeleg avgjort gjennom vedteken reguleringsplan.</p> <p>Tilhøve knytt til veg, parkering m.v er eit viktig tema for mange, og er grundig omtalt av rådmannen ovafor. Tilhøva m.o.t vatn og avlaup er ein del av kommunen/ FjellVAR</p>

		sin hovudplan. Kva gjeld båt plass m.v, så vil rådmannen ta dette med i vidare planlegging.
Tore G. Teige: 06.02.2013	Teige har fokus på delar av planmaterialet som tek føre seg trafikk og anna infrastruktur/ landskapsomtale på og rundt Bildøyna. Han viser til ulike ting som er feil eller upresist omtalt, og ønskjer at dette vert retta på.	Rådmannen har notert seg Teige sine merknader. Der det er gjort feil i planomtalen, vil ein vere særleg merksam på dette i det vidare planarbeidet.
Tore Johan Smidt, 5225 Nesttun, 04.02.13:	<p>Eigedomen er plassert innafor LNFR, kjerneområde for landbruk. Legg til grunn at eksisterande bygg i LNFR kan behaldas. Uklart for merknadsstillar om føresegna opner for nødvendig vedlikehold, ber om følgende at dette vert presisert.</p> <p>Ber om at bestemmelsen pkt. 3.5.1 LNF område pkt 3 «<i>Eablering av vass og kloakkanlegg er tillate</i>» medtas også for LNF-områda i KDP Bildøy.</p> <p>Av planskildring, bestemmelser pkt 6.2. Naust og plankart fremgår at eksisterende naustområde er vist. Ikke riktig, da naustområdet utvides i KDP i forhold til Kommuneplanens arealdel, se vedlagte utsnitt. Ber om at området mellom deres eiendom og eksisterende naustområde beholdes som LNFområde.</p>	<p>.Naudsynt vedlikehald som ikkje inneber utviding eller fasadeendring er tillete. Rådmannen er ikkje samd i at det er rett å opne for gjenoppbygging av anna enn naust i LNF-r området</p> <p>Føresegnet det vert vist til er frå kommuneplanen sin arealdel, og seier at det er tillete å grave ned røyr for vass og avlaup. Rådmannen ser det ikkje som naudsynt å leggje til denne setninga i KDP Bildøy. Innlegging av vatn vil i alle høve vere ein søknadspiktig teknisk installasjon.</p> <p>Rådmannen tek til orientering at det vart formulert i planskildringa som om naustområdet er likt som i kommuneplanen. Naustområdet er utvida nordover og noko sørover, med krav om reguleringsplan for oppføring av meir enn tre naust. Det er rådmannen sitt syn at det er positivt med eit mest mogleg samla naustområde, sentralt i kommunen. Dei einskilde tiltaka vil måtte tilpassas til dei lokale terrengtilhøve.</p>
Erling Jarl og Else Amundsen, 5252 Søreidgrend og Monica og Gerry Amundsen, 5252 Søreidgrend, 20.03.13:	<p>Gjev ein grundig omtale av ulike tilhøve knytt til egne eigedomar. Er som mange andre oppteken av framtidige tilhøve når det gjeld vegtilkomst og parkering. Tiltrår trase for framtidig tilkomst. Ønsker også å halde fram med nytte eller tilrettelegge båt plasser, flytebrygge og p-plass ved gml broen r555. På same måte som mange andre er ein oppteken av at det kan verte ein lang utbyggingsperiode, og at sprenging/ grunnarbeid som vei, bro, tunell tett inntil hyttegrensene vil gi støy, fare for sprekkdannelse i eksisterende bygg, tap av vann i brønn mm. Tilknytning til offentlig vann og kloakk, regulert i veitrasé eller med sjøkabel.</p> <p>Peikar på at krav på 10daa for regulering ikkje gjev høve til dette for eigedomar som er mellom 1-6 daa.</p> <p>Dei vil også at SE2 vert endra til bustadføremål eller ei blanding av fleire føremål i einskilde område, t.d med ulike utnyttingsgrad og ulike byggehøgder. Dei er redde for at høgder på 15 – 25m over eksisterende topografi vil medføre tap av soltimer og forringe enkelte eigedomar.</p>	<p>Rådmannen legg til grunn at framtidige tiltak vert utført etter gjeldande føresegner og lovverk og med tanke på minst mogleg ulempe for eigedomar i området. Innspela frå Amundsen og andre vert teke til etterretning i høve det vidare planarbeidet.</p> <p>Når det gjeld krav på 10daa for regulering viser rådmannen til dei endra føresegnene som inneber ein eigen områdereguleringsplan for Se2.</p>



		<p>Rådmannen tek ønska om endringar i føremåla til orientering, men meiner at føremåla som er lagt til grunn i denne planen, er dei som tek best omsyn til behova for ei heilskapleg utvikling av områda i samsvar med kommunestyret sine vedtak.</p>
--	--	---